



Tor Lien  
Kalfarveien 35 i  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1929 - 17/21457

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.07.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 212/66 Eikanger øvre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.06.17.

Grunna stor pågang av saker inn til kommunen har vi ikkje hatt høve til å gå igjennom dokument i saka tidlegare, vi seier oss leie for dette.

### Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA). Arealet på land er sett av til fritidsbustad, medan arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø.

Det er ikkje lagt inn byggegrense langs sjø for eigedomen.

### Dispensasjon

Det omsøkte tiltaket krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå følgjande:

1. Plankravet i KPA § 1.1 – krav om utarbeining av reguleringsplan.
2. Arealføremålet bruk og vern av sjø.
3. Plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø.

### Søknadsplikt

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Då det ikkje er levert inn teikningar av tiltaket har ikkje kommunen hatt høve til å vurdere omfanget av det ein no søkjer om løyve til å etablere.

Ei førebels vurdering er at omfanget av tiltaket er av ein slik karakter at det krev bruk av ansvarleg føretak, søknadspliktig etter pbl. § 20-2 bokstav a jf. § 20-3.

Vi gjer merksam på at tiltak i sjø krev eige løyve etter hamne- og farvasslova, det er Bergen og omland hamnevesen som handsamar slik søknad. For meir informasjon sjå [www.bergenhavn.no](http://www.bergenhavn.no)

Før det ligg føre løyve etter hamne- og farvasslova kan det berre gjevast rammeløyve etter plan- og bygningslova jf. pbl § 21-5.



### **Nabovarsling**

Søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak krev at det vert gjennomført nabovarsling av tiltaket, de kan nytte vedlagd naboliste.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om løyve til tiltak innsendt av ansvarleg føretak med tilhøyrande dokumentasjon.
2. Fagmessig utført teikningsmateriell - situasjonsplan, samt plan-, snitt- og fasadar av front. Teikningar skal vere målsett og i målestokk.
3. Søknad om dispensasjon frå KPA § 1.1 plankravet.
4. Søknad om dispensasjon frå føremålet bruk og vern av sjø i KPA.
5. Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø.
6. Dokumentasjon på gjennomført nabovarsling (blankett nr. 5155 og 5156), de kan nytte vedlagd naboliste.

**Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.09.2017.**

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

nabo og gjenboliste gbnr 212\_66

**Kopi til:**

Tor Lien

Kalfarveien 35 i 5018

BERGEN

**Mottakarar:**

Tor Lien

Kalfarveien 35 i 5018

BERGEN